



NAM, NAM.....

Eg vil tru at påsegodtet på biletet verkar freistande på nokon kvar! Det er av den gode heimelaga sorten, og det er Elin Enes og lærling Silje Eik Gjerde som er meister for det. I førpåskeveka har dei vore travelt opptatt med både dette og andre oppdrag. Dei får nok rikeleg å gjera dageane framover og. Butikken vert open 2 dagar i påsken.

Elin Enes fortel at dei kjem til å ha ope onsdag før skjærtorsdag og påskeaftan. Begge dagar vert opningstida frå kl.11.00 til 15.00.

I tillegg til heimelaga påskeegg og påskemarsipan kan dei då lokka med ferske, gode kaker og gjærbakst. Verkeleg noko å kosa seg med i påskehelga!



Mykje godt i gjærbakst!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Elin's Matgleder